Høgskolen i Telemark
Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

I

207 ØKONOMI/BUDSJETTERING

TIRSDAG 11. JUNI 2002

Tid:	5 timer (09.00-14.00)
Målform:	Bokmål/nynorsk
Sidetall:	Forside + 6
Hjelpemiddel:	Kalkulator m/ tomt minne
Merknader:	Finner du det nødvendig å gjøre noen forutsetninger i besvarelsen av enkeltspørsmål, bes disse presisert
Vedlegg:	Ingen
Info.:	Lykke til! Etter eksamen (fra kl 14 i dag og utover) vil du få løsningsforslag til oppgavene hvis du er interessert i det. Kontakt i så fall faglærer ved å møte opp på Hellandtunet i Kyrkjevegen eller sende mail til lie@tmforskbo.no

BOKMÅL

Oppgave 1 (30 %)
Både arbeidsgiveravgift, skattetrekk og merverdiavgift fastlegges (beregnes) normalt over det *samme antall* terminer i året.

a) Oppgi hvilke perioder i året (terminer) det her er snakk om, og når den enkelte termin forfaller til betaling. (*Hint: Merverdiavgift har andre terminforfall enn arbeidsgiveravgift og skattetrekk.*)

Tenk deg at utgående merverdiavgift var 48.000 kr én bestemt termin, mens inngående merverdiavgift var 43.150 kr.

b) Leser du dette som at den avgiftspliktige ble skyldig merverdiavgift for denne terminen, eller fikk avgiftsmidler til gode? *Gi en kort begrunnelse.*

I statsbudsjettet for 2002 er det lagt til grunn at investeringsavgiften skal opphøre (avvikles) fra 1. oktober i år.

c) Vil en slik avvikling isolert sett føre til et høyere, uendret eller lavere årsresultat i finansregnskapet til den enkelte avgiftspliktige?

Grunnlaget for beregning av arbeidsgiveravgift er i utgangspunktet *alle* lønnsrelaterte poster, dvs. f.eks også feriepenger.

d) Gjelder én bestemt sats for beregning av arbeidsgiveravgiften i Norge? Hvis nei, hva er det som i så fall bestemmer at det kan beregnes ulik arbeidsgiveravgift på de ansattes lønnsutgifter (*gitt at avgiftsgrunnlaget er det samme*)?
e) Vil arbeidsgiveravgift, inkl. arbeidsgiveravgift på feriepenger, bli belastet i resultatregnskapet etter hvert gjennom året (dvs. i forbindelse med hver "lønnskjøring") - eller først i forbindelse med utbetaling av avgiften og feriepengene? (*Som naturlig forutsetning legges til grunn at regnskapet føres etter de alminnelige prinsippene nedfelt i regnskapsloven.*)

Tenk deg disse fem utvalgte "hendelsene" i et aksjeselskap i slutten av mai i år:
1. Utvidelse av aksjekapitalen med 500.000 kr (beløpet plassert på ordinær innskuddskonto i bank)
2. Utbetaling av opptjente feriepenger på 120.000 kr (beløpet opptjent i fjor og dermed belastet resultatregnskapet for 2001)
3. Avdragsbetaling på gjeld med 200.000 kr (det som gjelder *rentekostnader*, holdes her *utenom*)
4. Utbetaling av utbytte på 65.000 kr (der dette beløpet framkom som "Avsatt til utbyttebetaling" i selskapets balanse per 31.12.01)
5. Registrering av 40.000 kr som avskrivninger på selskapets maskinpark for perioden mai-juni 2002.

f) Hvilke av disse "hendelsene" vil isolert sett føre til at egenkapitalen per 31.12.02 kommer til å bli forskjellig fra egenkapitalen et år tidligere? Oppgi også den *samlede* effekten på egenkapitalen av de hendelsene som du her mener har påvirket egenkapitalutviklingen i 2002.

Oppgave 2 (40 %)
Tenk deg at du og to andre etablerte et aksjeselskap, ***Sykkel AS***, ved at *hver* av dere skjøt inn 75.000 kr i "oppstartsmidler" (aksjekapital). Den første transaksjonen ("begivenheten") var at disse midlene ble plassert på en ordinær innskuddskonto i den lokale bankforbindelsen deres.

a) Sett opp en *åpningsbalanse* på grunnlag av disse opplysningene, og oppgi størrelsen på egenkapitalen.

En balanseoppstilling til et selskap vil normalt bestå av mange konti. Generelt kan de ulike kontoene grupperes etter visse *felles* kjennetegn ("egenskaper").

b) Oppgi navnet på de *fem* hovedgruppene av konti som en balanseoppstilling normalt vil bestå av.

For de to hovedgruppene på eiendelssiden gjelder de samme "posteringsreglene" med tanke på om en *økning* (dvs. økt verdi) *alternativt reduksjon* skal registreres til kredit eller debet på aktuell konto.

c) Hvilke to hovedgrupper siktes det her til, og oppgi "posteringsreglene" for økning og reduksjon i dette tilfelle. Hvilke "regler" gjelder for de tre andre hovedgruppene med tanke på registrering av hhv. en økning og reduksjon?

I balansen til Sykkel AS per 31.12.01 framgikk bl.a. følgende konti:

1. Avsetning til tap på fordringer
2. Kassakreditt
3. Pantelån (ferdig nedbetalt nov. 2008)
4. Bygninger
5. Aksjekapital

d) I hvilken hovedgruppe hører den enkelte av disse balansekontoene hjemme, og oppgi om den enkelte kontoen normalt vil vise en debet-saldo (ha positivt fortegn) eller kredit-saldo (vise negativt fortegn).

Det ble bestemt at 45.000 kr av selskapets årsresultat i 2001 skulle utdeles som utbytte, mens 135.000 kr av års*overskuddet* i 2001 gikk til å bygge opp reservene i selskapet (ved at dette beløpet ble ført mot konto for opptjent egenkapital).

e) Hvor stort var selskapets årsresultat i 2001, og under hvilken hovedgruppe i balansen per 31.12.01 ville du ha funnet igjen det som ble avsatt til utbyttebetaling?

Omsetningen til Sykkel AS består også av en del kredittsalg. I 2001 erfarte selskapet 18.000 kr som faktisk, konstaterte tap på kundefordringer. Balansekontoen "Avsetning til tap på fordringer" stod i –22.000 kr per 01.01.01 og –19.000 kr per 31.12.01.

f) Hvor mye ble kostnadsført på kontoen "Tap på krav" i selskapets resultatregnskap for 2001?

Varekjøpet til selskapet i 2001 utgjorde 1.905.000 kr i alt, mens verdien av varebeholdningen var 240.000 kr ved inngangen til 2001 (01.01) og 310.000 kr per 31.12.01.

g) Hvor mye utgjorde vare*forbruket* i 2001, og gir denne størrelsen uttrykk for varekostnadene eller vareutgiftene i aktuell periode? Er det generelt kostnader eller utgifter som skal måles opp mot periodens inntekter i et resultatregnskap ført etter regnskapsloven? Hvilket grunnleggende regnskapsprinsipp ligger her til grunn?

Selskapet eier ikke lokalene sine. Leie betales *forskuddsvis* for tre måneder av gangen. Per 01.12.01 betalte selskapet et terminbeløp på 19.200 kr i samsvar med det husleiekontrakten regulerte. (Det var *ikke* fastsatt noen regulering av leien med virkning fra årsskiftet 2001/02. *Til spørsmål h) kan du derfor legge til grunn samme, månedlige leiebeløp i den aktuelle perioden fram til 01.03.02.*)

h) Oppgi hvor stor del av husleiebetalingen per 01.12.01 som ble kostnadsført i 2001? Er det noe i balanseoppstillingen per 31.12.01 som får synliggjort denne forskuddsbetalingen (som krav eller forpliktelse), og i så fall med hvilket beløp til debet eller kredit?

i) Ville driftsresultatet for 2001 blitt annerledes om den månedlige leien hadde blitt oppjustert med f.eks 250 kr med virkning fra 01.01.02, og i så fall hvor mye og i hvilken retning (økning eller reduksjon)?

Oppgave 3 (30 %)
Statlige overføringer utgjør generelt en høy andel av en kommunes inntekter. I utgangspunktet kan vi skille mellom to hovedgrupper av statlige overføringer til kommunene. Det prinsipielle skillet går på om midlene kanaliseres (fordeles) over det såkalte *inntektssystemet* eller bevilges på særskilte konti i statsbudsjettet som er ment å gå til finansiering av bestemte tjenester og aktiviteter i en kommune.

a) Hva vil du kalle disse to hovedtypene (-gruppene) av statlige overføringer til kommunene?
b) Vil det kunne være noen sammenheng mellom størrelsen på skatteinntektene i en kommune og det den samme kommunen får i tilskudd over inntektssystemet?
c) Føres tilskuddsmidler over inntektssystemet og skatteinntekter i driftsdelen eller investeringsdelen i en kommunes budsjett/regnskap?

Tenk deg en kommune som ett bestemt år både kjøpte aksjer i et lokalt selskap, solgte en aksjepost i et energiverk og godskrev et mindre beløp som utbytteinntekt (dvs. utbytte fra eierposisjoner/aksjeposter kommunen har i ulike selskaper).

d) Angi i hvilken del (driftsdel eller investeringsdel) den enkelte av disse tre "hendelsene" hører hjemme.
e) Hvilke typiske finansieringsposter vil du finne igjen i investeringsbudsjettet (-regnskapet) til en kommune?

I et kommuneregnskap (-budsjett) er det ofte snakk om brutto- og nettostørrelser. Tenk deg f.eks at brutto-utgiftene utgjorde 2.210.000 kr på ett bestemt område ifølge regnskapstall for 2001, mens netto-utgiftene på det samme området utgjorde 750.000 kr. Vi kan tenke oss at disse tallene gjelder én bestemt, *kommunal barnehage*.

f) Hva kan forklare forskjellen mellom de to utgiftsstørrelsene? Vil du si at netto-utgiftene generelt vil være lavere eller høyere enn brutto-utgiftene i et kommuneregnskap (-budsjett)?

NYNORSK

Oppgåve 1 (30 %)
Både arbeidsgjevaravgift, skattetrekk og meirverdiavgift vert fastlagt (utrekna) normalt over det *same talet* på terminar i året.

a) Oppgje kva for periodar i året (terminar) det her er snakk om, og når den enkelte termin forfell til betaling. (*Hint: Meirverdiavgift har andre terminforfall enn arbeidsgjevaravgift og skattetrekk.*)

Tenk deg at utgåande meirverdiavgift var 48.000 kr ein bestemt termin, medan inngåande meirverdiavgift var 43.150 kr.

b) Les du dette som at den avgiftspliktige blei skuldig meirverdiavgift for denne terminen, eller fekk avgiftsmidlar til gode? *Gi ei kort grunngjeving.*

I statsbudsjettet for 2002 er det lagt til grunn at investeringsavgifta skal opphøyre (avviklast) frå 1. oktober i år.

c) Vil ei slik avvikling isolert sett føre til eit høgare, uendra eller lågare årsresultat i finansrekneskapen til den enkelte avgiftspliktige?

Grunnlaget for utrekning av arbeidsgjevaravgift er i utgangspunktet *alle* lønsrelaterte postar, dvs. f.eks også feriepengar.

d) Gjelder ein bestemt sats for utrekning av arbeidsgjevaravgifta i Norge? Viss nei, kva er det som i så fall avgjer at det kan verte utrekna ulik arbeidsgjevaravgift på lønsutgiftene til dei tilsette (*gitt at avgiftsgrunnlaget er det same*)?
e) Vil arbeidsgjevaravgift, inkl. arbeidsgjevaravgift på feriepengar, bli belasta i resultatrekneskapen etter kvart gjennom året (dvs. i samband med kvar "lønskøyring") - eller først i samband med utbetaling av avgifta og feriepengane? (*Som naturleg føresetnad leggast til grunn at rekneskapen først etter dei alminnelege prinsippa nedfelt i rekneskapslova.*)

Tenk deg desse fem utvalde "hendingane" i eit aksjeselskap i slutten av mai i år:
1. Utviding av aksjekapitalen med 500.000 kr (beløpet plassert på ordinær innskotskonto i bank)
2. Utbetaling av opptente feriepengar på 120.000 kr (beløpet opptent i fjor og dermed belasta resultatrekneskapen for 2001)
3. Avdragsbetaling på gjeld med 200.000 kr (det som gjelder *rentekostnader*, holdast her *utanom*)
4. Utbetaling av utbytte på 65.000 kr (der dette beløpet framkom som "Avsett til utbyttebetaling" i balansen til selskapet per 31.12.01)
5. Registrering av 40.000 kr som avskrivingar på maskinparken til selskapet for perioden mai-juni 2002.

f) Kven av desse "hendingane" vil isolert sett føre til at eigenkapitalen per 31.12.02 kjem til å bli forskjellig fra eigenkapitalen eit år tidlegare? Oppgje også den *samla* effekten på eigenkapitalen av dei hendingane som du her meiner har påvirka eigenkapitalutviklinga i 2002.

Oppgåve 2 (40 %)
Tenk deg at du og to andre etablerte eit aksjeselskap, ***Sykkel AS***, ved at *kvar* av dykk skaut inn 75.000 kr i "oppstartsmidlar" (aksjekapital). Den fyrste transaksjonen ("hendinga") var at desse midlane blei plassert på ein ordinær innskotskonto i den lokale banken som de nyttar.

a) Sett opp ein *åpningsbalanse* på grunnlag av desse opplysningane, og oppgje storleiken på eigenkapitalen.

Ei balanseoppstilling til eit selskap vil normalt bestå av mange konti. Generelt kan dei ulike kontoane grupperast etter visse *felles* kjenneteikn ("eigenskapar").

b) Oppgje namnet på dei *fem* hovudgruppene av konti som ei balanseoppstilling normalt vil bestå av.

For dei to hovudgruppene på eigendel-sida gjelder dei same "posteringsreglane" med tanke på om ein *auke* (dvs. auka verdi) *alternativt reduksjon* skal registrerast til kredit eller debet på aktuell konto.

c) Kva for to hovudgrupper siktast det her til, og oppgje "posteringsreglane" for auke og reduksjon i dette tilfelle. Kva for "reglar" gjelder for dei tre andre hovudgruppene med tanke på registrering av hhv. ein auke og reduksjon?

I balansen til Sykkel AS per 31.12.01 framgikk bl.a. følgende konti:

1. Avsetjing til tap på fordringar
2. Kassakreditt
3. Pantelån (ferdig nedbetalt nov. 2008)
4. Bygningar
5. Aksjekapital

d) I kva for ei hovudgruppe høyrer den enkelte av desse balansekontoane heime, og oppgje om den enkelte kontoen normalt vil vise ein debet-saldo (ha positivt forteikn) eller kredit-saldo (vise negativt forteikn)?

Det blei bestemt at 45.000 kr av årsresultatet til selskapet i 2001 skulle utdelast som utbytte, medan 135.000 kr av års*overskotet* i 2001 gjekk til å byggje opp reservene i selskapet (ved at dette beløpet blei ført mot konto for opptent eigenkapital).

e) Kor stort var årsresultatet til selskapet i 2001, og under kva for ei hovudgruppe i balansen per 31.12.01 ville du ha funne igjen det som blei avsett til utbyttebetaling?

Omsetjinga til Sykkel AS består også av ein del kredittsal. I 2001 erfarte selskapet 18.000 kr som faktisk, konstaterte tap på kundefordringar. Balansekontoen "Avsetjing til tap på fordringar" stod i –22.000 kr per 01.01.01 og –19.000 kr per 31.12.01.

f) Kor mykje blei kostnadsført på kontoen "Tap på krav" i resultatrekneskapen til selskapet i 2001?

Varekjøpet til selskapet i 2001 utgjorde 1.905.000 kr i alt, medan verdien av varebehaldningen var 240.000 kr ved inngangen til 2001 (01.01) og 310.000 kr per 31.12.01.

g) Kor mykje utgjorde vare*forbruket* i 2001, og gir denne storleiken uttrykk for varekostnadene eller vareutgiftene i aktuell periode? Er det generelt kostnader eller utgifter som skal målast opp mot perioden sine inntekter i ein resultatrekneskap ført etter rekneskapslova? Kva for eit grunnleggjande rekneskapsprinsipp ligg her til grunn?

Selskapet eiger ikkje lokalene sine. Leige vert betalt *forskotsvis* for tre månader av gongen. Per 01.12.01 betalte selskapet eit terminbeløp på 19.200 kr i samsvar med det husleiekontrakten regulerte. (Det var *ikkje* fastsett nokon regulering av leiga med verknad frå årsskiftet 2001/02. *Til spørsmål h) kan du derfor leggje til grunn same, månadlege leigebeløp i den aktuelle perioden fram til 01.03.02.*)

h) Oppgje kor stor del av husleigebetalinga per 01.12.01 som blei kostnadsført i 2001? Er det noko i balanseoppstillinga per 31.12.01 som får synleggjort denne forskotsbetalinga (som krav eller forplikting), og i så fall med kva for eit beløp til debet eller kredit?

i) Ville driftsresultatet for 2001 blitt annleis om den månadlege leiga hadde blitt oppjustert med t.d. 250 kr med verknad frå 01.01.02, og i så fall kor mykje og i kva for ein retning (auke eller reduksjon)?

Oppgåve 3 (30 %)
Statlege overføringar utgjer generelt ein høg andel av inntektene til ein kommune. I utgangspunktet kan vi skilje mellom to hovudgrupper av statlege overføringar til kommunane. Det prinsipielle skiljet går på om midlane vert kanalisert (fordelt) over det såkalte *inntektsystemet* eller vert bevilga på særskilte konti i statsbudsjettet som er meint å gå til finansiering av bestemte tenester og aktivitetar i ein kommune.

a) Kva vil du kalle desse to hovudtypene (-gruppene) av statlege overføringar til kommunane?
b) Vil det kunne vere nokon samanheng mellom storleiken på skatteinntektene i ein kommune og det den samme kommunen får i tilskot over inntektsystemet?
c) Førast tilskotsmidlar over inntektsystemet og skatteinntekter i driftsdelen eller investeringsdelen i budsjettet/rekneskapen til ein kommune?

Tenk deg ein kommune som eitt bestemt år både kjøpte aksjar i eit lokalt selskap, selde ein aksjepost i eit energiverk og godskreiv eit mindre beløp som utbytteinntekt (dvs. utbytte frå eigarposisjonar / aksjepostar kommunen har i ulike selskap).

d) Oppgi i kva for ein del (driftsdel eller investeringsdel) den enkelte av desse tre "hendingane" høyrer heime.
e) Kva for typiske finansieringspostar vil du finne igjen i investeringsbudsjettet (-rekneskapen) til ein kommune?

I kommunerekneskapen (-budsjettet) er det ofte snakk om brutto- og nettostorleikar. Tenk deg t.d. at brutto-utgiftene utgjorde 2.210.000 kr på eitt bestemt område ifylgje rekneskapstal for 2001, medan netto-utgiftene på det samme området utgjorde 750.000 kr. Vi kan tenke oss at desse tala gjelder ein bestemt, *kommunal barnehage*.

f) Kva kan forklare forskjellen mellom dei to utgiftsstorleikane? Vil du seie at netto-utgiftene generelt vil vere lågare eller høgare enn brutto-utgiftene i ein kommunerekneskap (-budsjett)?